

Til Ordfører Nils Marton Aadland,

Frekhaug 3. april 2014.

## Grunngitt spørsmål.

### **RE: Ladepunkt for el-bil i Meland**

Første kvartal i 2014 såg ei auke på 20 nye el-bilar i Meland og talet el-bilar i kommunen pr. dato er 58 stk. Denne kraftige auken følgjer utviklinga i landet elles. Truleg vil denne auken halde fram utover året og kanskje verte sterkare. Då vil talet passere 100 el-bilar i kommunen før utgangen av året. Pr. dato har Meland berre eitt ladepunkt for el-bil.

I slutten av mars lyste Hordaland Fylkeskommune ut tilskot til etablering av nye ladestasjonar på opptil kr. 25.000,- per ladestolpe/ladeboks med to uttak av type 2 mode 3 som kommunar og burettslag/bustadsameige vil etablere i Hordaland. Forutan kommunesentra, er skular, barnehagar og idrettsplassar naturlege stader for ladepunkt.

Fylkeskommunen har også laga ein normalplan for etablering av ladepunkt i heile Hordaland. På denne planen er Meland registrert med det nåverande ladepunktet på Frekhaug og 2-4 nye på Rossland. I følgje den skisserte utviklinga over kan ein lett sjå at berre eitt ladepunkt på Frekhaug alt for lite.

I desse dagar vart det også kunngjort ein avtale mellom KIWI og Nissan om etablering av 75 universalladepunkt for el-bilar ved KIWI butikkar over heile landet. Fordeling avheng av styrken i lokalt engasjement.

Miljøpartiet i Meland ser denne utviklinga som gledeleg, men òg heilt naudsynt. No gjeld det for Meland kommune bokstaveleg å «ikkje stå utan straum» i det som er i ferd med å skje, men vera i forkant for å få etablert tilfredstillande tal ladepunkt til den raskt veksande el-bilparken i kommunen.

Kva planar og tiltak har Meland kommune for å møte denne gledelege utviklinga? Ser ordføraren at Meland kommune skal kunna nytta seg av dei nyleg utlyste fylkeskommunale stønadane til ladestolpe/ladeboks for å auka ladekapasiteten på Frekhaug utover det eine punktet som finst?

Ser ordføraren for seg at kommunen på nokon måte kan bidra til at KIWI Frekhaug kan få etablert eit av dei 75 ladepunkta?

Helsing

Leif Johnsen,  
MDG Meland.